

## Endring i føreseggnene,

Det er gjort nokre endringar i kapittel 3.2, 6.1 og 6.2 i føreseggnene. Endringane er vist med raud skrift.

### 3.2 Offentleg/privat tenesteyting (Tinghuset o\_T1 og opplevelingscenter T2)

- 3.2.1 Området med feltkode o\_T1 regulerer eksisterande Tinghus med tilhøyrande parkområde og funksjonar. Dagens parkområde skal takast i vare som grøntområde. Arealet kan opparbeidast med gangvegar, kunstverk, bord og benker, samt mindre bygg for le og sykkelskur. Nye tiltak skal ha god materialkvalitet og ei utforming som underordna seg Tinghuset som signalbygg. Nye tiltak må sjåast i samanheng med føringar i § 7.3.
- 3.2.2 Maksimal byggehøgd innanfor o\_T1 er dagens bygningshøgde med tekniske anlegg. Maksimal BYA er 40%. Parkering for tilsette skal løysast på offentleg opparbeida parkeringsplassar, primært o\_P1-2.
- 3.2.3 Området med feltkode T2 regulerer område for opplevelingscenter med tilhøyrande funksjonar og anlegg, inkludert brygger. Det er tillate med museumsdrift/opplevelingscenter/historieformidling, samt anna tilleggsnæring som til dømes servering, sal og arrangement. Bryggeanlegg skal vera ålement tilgjengeleg og det skal ikkje etablerast tiltak som hindrar fri ferdsel.
- 3.2.4 Innanfor T2 er maksimal BYA 60%. Tiltaket skal ha god materialkvalitet og bygningen skal førast opp med glasfelt som sikrar siktlinje mellom Sjoarreset og sjø. Takform skal utformast med saltak og maksimal kotehøgde +11,5. Ornamentering kan kome i tillegg.
- 3.2.5 Forankring er tillate innanfor føremål T2, BSV1 og BSV2, men må ikkje hindre eller vera til fare for framkomst eller badande.
- 3.2.6 Parkering for besökjande skal løysast på offentleg opparbeida parkeringsplassar, primært o\_P1-2.

### 6.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag (BSV)

- 6.1.1 Sjøområdet BSV1 er eit fleirbruksområde for ferdsel/farlei/hamn, natur og friluftsliv. Det er ikkje tillatt å etablere større flytebrygge eller kaianlegg innanfor føremålet. Bøyer, ankring og fortøyning frå tilliggjande føremål **og opplevelingscenter T2** kan tillatast dersom dei ikkje er til hinder **eller fare** for ferdsel.
- 6.1.2 Sjøområdet BSV2 er eit fleirbruksområde for ferdsel, natur og friluftsliv, men prioritert for friluftsliv og mjuke trafikantar. Det er ikkje tillatt å etablere større flytebrygge eller kaianlegg innanfor føremålet, utover mindre utriggarar for kano/kajakk/anna mjk ferdslle på sjø. Ankring og fortøyning frå tilliggjande føremål **og opplevelingscenter T2** kan tillatast dersom dei ikkje er til hinder **eller fare** for ferdsel eller badande.
- 6.1.3 Det er tillate med utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmepumpe, straum og telenett mm., men tiltaka må ikkje hindre eller vera til fare for framkomst.

### 6.2 Småbåthamn (SH)

- 6.2.1 Føremålet regulerer del av eksisterande småbåthamn og nye tiltak for å legge til rette gjeste-hamn. Det er tillatt å etablere flytebrygge/utriggarar og kaikant langs land innanfor føremålet. **Område sett av til arealformål småbåthamn er unntatt byggjegrense til sjø.** Ankerfeste og fortøyningar kan ligge innafor tilliggjande føremål, men må etablerast slik at dei ikkje er til hinder for ferdsel.